



M. Östgaard.

Född d. 25^{te} Januar 1779.

*Ingen paa hans Bag maa tyve!
Kjendte Ulded paa skroer han dog
Lemand. Aabet N^o 23
For sin Veri - en Katalog.**

12^{de} Deel, p. 56.

Plak 2
Mikkel S. Østgaard teikna av sonen Nicolai Ramm Østgaard i 1841.

Diktaren fra Dalsbygda

Mikkel S. Østgaard 1779—1853

AV ARNE DAG ØSTIGAARD

For akkurat to hundre år sia kom det til verda eit tvillingpar på garden Nirsen Østgaard i Dalsbygda. Det var brørne Jon og Mikkel Solandson Østgaard. Foreldra Marit Pedersdotter Trøen og Soland Jonsson Østgaard vart ektevigde i 1770.

Berre som unngut dro Mikkel av stad til Bergstaden. Der vart han kontorist hjå bergskrivaren Lasse Støp, han som vert kalla Dopp i Falkbergets «Den fjerde nattevakt». Hjå Støp lærte bondeguten seg både å rekne og skrive meir enn vanleg godt. Men Mikkel S. Østgaard fann også tilhøva på Røros for trange. Derfor søkte han no nordetter til Trondheim og tok fatt som kjøpmann. Samstundes fridde han og fekk ja av dottera til skogfuten på Tynset. Ho het Maren Magdalene Ramm og var fødd og oppvaksen på Lassmoen på Bortetesida på Tynset.

I Stiftsstanden kjøpte det unge paret seg ein heil bygard som dei sette i høveleg stand. For Mikkel Østgaard satsa kraftig på handelsverksemda. Men dessverre brukte han etter kvart meir enn han tente, og ein vakker dag gjekk forretninga reint i stå. Heller ikkje giftarmålet med Maren Magdalene fungerte noe særleg. Til det var dei baa alt for sta av natur. Og ikkje minst skal Mikkel ha vore vanskeleg å vera i hus med. Enden på visa var at kona og borna Nicolai og Wilhelmine stakk heim att til Lassmoen, eller Rammsmoen som garden seinare vart kalla.

Attende i byen sat ein knust mann, og flaska vart ein heller farleg trøst for han. Mikkel drakk i periodar, men elles prøvde han seg som privatlærer. Han var sjølvlært i tysk og fransk, men hadde lell god greie på desse språka. Ved sia av skrev han titt og ofte i avisene. For Mikkel Østgaard hadde lett for å forme vers. Mange av songane hans vart såleis trykte og selde på gata i Trondheim slik skikken var den tida.

I 1834 laga han til ein syttendemaisong: «Perlekronen - en ny Maisang». Det var i ei tid Carl Johan og svenskene såg med ublide auge på at norske studentar med Wergeland i spissen tok til å feire grunnlovsdagen. Helst ville kongen at fjerde november skulle vera festdagen for nordmennene. For det var den dagen unionen mellom grannelanda kom i stand. Østgaard er derfor varsam med tittelen på den første maisongen sin, men seks år etterpå kom eit nytt dikt. Denne gongen rett på sak: «Nordmannssang til Konstitusjonens Aarsdag den 17de mai»!

Mest populær vart lell «Svovelstik-Ola» og ei lystig marknadsviser. Og her er han læremeister for sonen sin Nicolai Ramm Østgaard, han som i 1851 kom med dei første trykte forteljingane på bygdemål i landet vårt. Dansken vart sjølvsagt for trong for dalsbygdingen, skulle han rett slå seg løs i diktarleg fantasi. Slik lyder til dømes ei av strofene:

Hattemaker, vær int dyr!
slå du litt tå prisa! -
E æ fill ein løstaug fyr, -
Dråk! - ka koste visa?
Hatt e kjøpe vil - å sang -
Heisa! hør klarnettens klang!
Dokker stande lenger.

Og Mikkel Østgaard er heller ikkje redd for å bruke kraftuttrykk:

Au! Der flog han tu mitt glas,
fanden deg skal flytte!
Ser du hvor det gikk i knas?
fy din fyllebøtte!
Glas og dram betales må,
opp med pungen, pass nu på
hvor han gjør grimaser.

Østgaard laga også mange dikt til bryllup o.l. I eitt som er teke vare på, dukkar det opp poetiske perler midt i det elles litt banale:

«Alt under elskovs milde skygge
I begge muntre bo og bygge!
Nyt sunnhet, vennskap, huslig hell!
i eders sinn gid gleden måtte trone
og eders sinn gid lykken krone
med velstands flor til siste kveld!

Mikkel Østgaard grodde ikkje heilt fast i Trondheim. Ei tid var han privatlærer på garden Fordal i nærleiken av byen. Og sjølv sagt førte heimlengsla han attende til Dalsbygda mange gonger. Omkring 1830 budde han såleis ein heil vinter på Vangsgjelten. Men han ville også sjå meir tå verda. For ti år seinare pakka han snippeska og for til København og Kristiania. Etter denne ferda heldt han til ei tid hjå broren Ole på Strand i Os. Og sommaren 1842 var han attende i barndommens rike på Nirsén, og aller mest på sætra ved Sætersjøen. Sjølv om han no var 64 år gammal, vart han inspirert til ny posesi. Han tek avskil med desse traktene i eit dikt til tvillingbroren Ole.

«Denne plett hvorpå jeg står
vekker blide barndomsminner
som med faste bånd forbinder
vinteren med livets vår

Her står vuggen hvori jeg
byssedes til barnlig slummer
medens verdens sorg og kummer
lå langt borte fra min vei.

Se der ligger Sætersjø!
hvor jeg opp trakk fiskenettet
og når fisk i båten sprettet
nær av lyst jeg kunne dø

Nu jeg sæterlivet nød
atter som i barndoms dage
spiste - hva kan bedre smage
mølske, ferskfisk, rømmegrød.

Ja, farvel for siste gang!
deg ei mer min fot betreder,
se hvor nær at gubben græder
under denne minnesang!

Ja, mykje sorg var det i livet til Mikkel S. Østgaard. For tidleg mista han kontakten med familien sin på Tynset. Særleg sakna han sonen og dottera. Eit kjenslevart dikt skreiv han til borna sine ikkje lenge etter at dei flytta frå han:

Nicolai, du mitt håp på jorden,
ser du her, hvor varmt jeg elsker deg!
Lev min sønn! mens sorg og motgangs torden
ængster, kveler, måskje dreper meg!

Datter Wilhelmina, lille søde,
uskylds hulde engel vokte deg!
Miskjendt fader var, men uten brøde,
derfor, kjære små, begræder meg!

Faren fekk oppleve at sonen Nicolai Ramm Østgaard (1812-1873) gav ut boka «En fjeldbygd» som vakte slik lykke. Sjøl døde han på ein fisketur utafor Trondheim like etterpå.

Nicolai Ramm Østgaard hadde nok arva noe av farens dik-
targivnad. Og sjøl hadde Mikkel nok fått sansen for lyrikk frå
faren Soland J. Østgaard (1748-1827). Då Carl Johan reiste
gjennom Østerdal i 1818, sang gubben Soland for kongen og
kronprins Oscar. Diktet er på tri strofer. Eg tek med ei:

«Urokkeleg som Norges fjell og tinder
hver Nordmanns troskap er og var fra Arilds minde
og bliver ved sålenge verden står.
Ja, kongen tro, det vil vi alle være!-
Vi vet, at omhu han for sine Nordmenn bære-
Deg Konge held!

Dagen etter vart Soland Østgaard invitert til Røros, der kon-
gen fekk diktet skriftleg. For poesien fekk han tilsagn om en
årleg pensjon på ti riksdaler i tillegg til ein kroningsmedalje.
Ho skulle alltid minne om den store hendinga i Soland L. Øst-
gaards liv.

Kilder:

Olaf Røst: Minder fra Hjembygden (1883)

Årbok for Glåmdalen (1942)

Årbok for Glåmdalen (1952)

Grue: Os i Østerdalen (1943)

Østgaard: En Fjeldbygd (1851).